

Referat frå instituttrådsmøte Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 25. januar 2023

Stad: Rom 301, HF-bygget

Til stades:

Frå gruppe A: Øyvind Gjerstad, Kjetil Berg Henjum, Eirik Hovden, Ingunn Lunde og Martin Paulsen.

Frå gruppe B: Julia Christine Marinaccio.

Frå gruppe C: Ingvild Nilssen.

Frå gruppe D: Ingrid Elisabeth Gjerding og Christine Marie Mowinckel Flagg.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 14. desember 2022

Referatet er godkjent, inkludert merknaden frå Kjetil Berg Henjum som no er lagt inn i referatet.

Sak 3 – orienteringssaker

- A) Instituttleiar orienterte om økonomien ved fakultetet, som er litt betre ved utgangen av 2022 enn frykta. Dette gjev litt større handlingsrom i 2023, men dei overordna strukturelle utfordringane for fakultetet er likevel dei same som før.
- B) Fakultetet har tildelt midlar til fire forskargrupper, og ei av desse er ved IF: Litteratur og religion, leia av Laura Miles. Denne gruppa får 150 000 kroner kvart år i tre år framover, i tillegg til ei stipendiatstilling tildelt frå fakultetet. Sju forskargrupper ved IF søkte om slike midlar, og instituttet vil tildela litt midlar frå instituttbudsjettet til dei forskargruppene våre som ikkje vann fram i denne søknadsrunden.
- C) Fakultetet har gitt klarsignal til at instituttet kan lysa ut tre nye stipendiatstillingar med oppstart 1. august i år. Desse stillingane blir knytte opp til dei seks forskargruppene som søkte, men ikkje fekk støtte frå fakultetet. IF vel å lysa ut dei tre stillingane som to ph.d.-stillingar og ei postdoktorstilling. Desse utlysingane kjem i tillegg til ph.d.-stillinga til forskargruppa i Litteratur og religion.
- D) Instituttleiar orienterte om reakkrediteringsprosessen på italiensk og arabiskfaget. Arabisk har som kjent mist akkrediteringa. Fagg minna om at fagutvalet bør involverast i prosessen. Hovden peikte på det spesielle i at ein sentral del av kritikken går på at faget ikkje har ressursar nok, samstundes som det ser ut til at fakultetet vil få endå mindre ressursar framover.

- E) Astrid Haas tek til i jobben som førsteamanuensis i amerikansk litteratur i neste veke. IF har òg fått lov å lysa ut ei stilling i anvendt lingvistik/fagdidaktikk på engelsk.
- F) Instituttet har fått 151 000 kroner frå fakultetet til undervisningsassistentar i 2023. Midlane blir lyste ut så snart vi får tildelingsbrev med kriterier frå fakultetet.

Sak 4 – Rekneskap for 2022 og budsjett for 2023

Uthaug orienterte om driftsresultatet frå 2022 og budsjettet for 2023.

Det var forventa eit underskot i driftsbudsjettet (GA) ved instituttet i 2022, men IF enda opp med eit lite overskot. Dette er positivt, og overskotet er såpass lite at vi får overføra heile summen til 2023-budsjettet. Instituttet vil samstundes be fakultetet om ei nærare forklaring på kvifor resultatet vart såpass ulikt forventningane.

Budsjettet for 2023 er eit greitt budsjett, som er i tråd med budsjetta dei siste åra. Midlane er knappe, men det bør vera realistisk at driftsbudsjettet går i balanse ved utgangen av 2023. Både i 2023 og i 2024 reknar instituttet med å få store inntekter i form av gevinst frå avslutta prosjekt. Vi kan ikkje rekna med noko tilsvarande frå 2025 og framover. Instituttet må derfor bu seg på å redusera utgiftene i komande år, og det tyder at det må kuttast i utgiftene til vikarar, timelærarar o.l., understreka Uthaug. Det vil vera positivt for driftsøkonomien ved instituttet om vi får nye prosjekt med robust økonomi (t.d. NFR).

Vidareutdanninga ved instituttet høyrer dels inn under driftsbudsjettet (GA) og dels under den eksternfinansierte aktiviteten (BOA). IF har etter måten store utgifter knytte til faste lønskostnader på vidareutdanninga, og vi subsidierer tilbod som går i minus med overskot frå andre kurs. Kompetanse for kvalitet (Kfk) varer berre i to år til (fransk, spansk, tysk og engelsk), og det vil vera viktig for instituttet å få nye innteksbringande kurs for å handtera dagens lønsutgifter. Instituttet går for tida gjennom kursporteføljene innan vidareutdanninga og drøftar ulike alternativ framover i samråd med UiB Vidare.

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet tek rekneskapen for 2022 til vitende og godkjenner framlegget til driftsbudsjett for instituttet i 2023.

Sak 5 – strategi

Stipendiat Mari Lund Eide deltok under sak 5.

Temaet for strategidrøftinga under dette instituttrådsmøtet var kommunikasjon og formidling – både interkommunikasjon ved instituttet, den utoverretta kommunikasjonen (både forskingsformidling og informasjon for å rekruttera studentar til studia våre). Mari Lund Eide er trekt inn i arbeidet med kommunikasjonsstrategi for instituttet. Viktige spørsmål her er kva ressursar og ekspertise UiB kan tilby, og kva vi sjølve kan gjera for å skapa ein kultur for god formidling. Korleis møter nettsidene våre folk? Korleis skal vi bruka kanalar som vi allereie har (t.d. Facebook). Kven er målgruppa for dei ulike kanalane våre?

Det er sett av midlar til ein rekrutteringskampanje for å lokka fleire studentar til HF-fag. Her vil det òg vera viktig med god informasjon om studietilbodet på heimesidene våre.

Fagg løfta problemstillinga med å få ut informasjon frå fagutvala. Eide meinte fagutvala òg burde vurdere sin eigen strategi for å få ut informasjon. Gjerstad meinte det var viktig å prioritera student-

rekruttering, og at det var viktig å synleggjere mediekontaktar, dvs. folk som kan uttala seg om ulike felt. Eide viste til oversynet som allereie finst ved UiB sentralt over mediekontaktar. Berg Henjum meinte Facebook ikkje var den beste kanalen i sosiale media når ein vil rekruttera studentar. Hovden meinte instituttet har stort potensiale på alle felta som er skisserte, og vi bør bruka litt tid før vi eventuelt bestemmer oss å nedprioritera nokon kanalar. Gjerding etterlyste presentasjonar på nettet som viste kvardagen til ein student. Marinaccio meinte instituttet måtte jobba saman med skulen, og t.d. ta inn elevar frå vidaregåande skule som kan delta på forelesingar. Ho trekte òg fram andre idear, som Open dag-arrangement og «barneuniversitet» for born mellom 12 og 18 år. Samstundes har vi ikkje så mykje disponibel tid vi kan bruka til ulike sosiale media-kanalar. Lunde var samd med Hovden i at instituttet bør bli litt betre på alt, og rutinar for formidlingsarbeidet vil vera til hjelp. Vi treng profesjonell assistanse for å vita kva for kanalar som når kven. Lunde peikte òg på at vi kan sjå til andre institutt, og læra av dei som er gode med formidling (t.d. Institutt for informatikk)? Informasjonen på nettet om studieprogramma er dessutan fragmentert - nye ting blir liggjande ute saman med gammalt, og det er vanskeleg å finna fram.

Sak 6 – ymse

Instituttleiar runda av møtet med to gratulasjonar:

- a) Instituttet markerte 20-årsjubileet for dei Nasjonale prøvane i engelsk 20. januar.
- b) Prisen for unge forskarar ved fakultetet (2022) vert delt ut til Julia Marinaccio 26. januar.

Martin Paulsen,

Instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,

administrasjonssjef